

Vandalar på ferde også i Uskedalen

05.07.2007



Ei av urnene som stod ved bruva ligg no knust på elvebotnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eldsjelane bak tiltaket finn det bittert å måtte innrømma det, men også i Uskedalen har vandalar no vore på ferde og gjort hærverk på blomeurnane som Uskedal Utvikling har sett ut på tredje året.

Denne sommaren var det blomar i 19 slike urnar. Men no er talet redusert til 18 fordi ei urne ligg knust på botnen av elva ved bruva.

Ho vart kasta uti like etter bryggjedansen natt til sundag. Like før eller etter vart blomane røska opp frå ei av dei to urnene i busslomma ved AFA.



Den eine urna ved busslomma ser slik ut etter det som skjedde i helga, men no kjem det nye blomar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dette er nedslåande og skuffande, seier Aslaug Lyse, ei av dei som har ansvar for blomeprosjektet. Ho syner uskedalen.no eit ferskt avisoppslag der det går fram at dei slit med blome-hærverk også andre stader: I dette tilfellet på Fitjar, der dei har lokalisert syndarane og sett politiet på saka. Det skjedde fordi det var eit overvakningskamera på staden. Noko slikt er det ikkje i Uskedalen – enno.

Heller ikkje er syndarane lokalisert i Uskedalen – so langt. Men ein som var på heimveg frå bryggjedansen høyrd at urna gjekk i elva og observerte ungdommar som sprang vekk. Diverre var han ikkje nær nok til å sjå dei og eventuelt kjenne dei att.

Heller ikkje blomane utanfor frisørsalongen fekk stå i fred denne natta.

- I dei to tidlegare åra vi har hatt denne bloma-utsetjinga har det ikkje vore tendens til hærverk, fortel Aslaug.



Men allereie for ein månad sidan vart blomane i den eine av dei to urnene i busslomma på Korsnes røska opp.

Det var to urner ved bruhaugen, no er det berre ei att. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aslaug vil gjerne ha med at bygdefolket har vore flinke til å støtta opp om blomeprosjektet, ikkje minst med vatning. Difor er det enda meir nedslåande at nokon freistar å øydeleggja det.

Det kosta nær 2.000 kroner å setja nye blomar i urnene før denne sesongen. No blir det ekstrakostnader. I tillegg vart det investert 5.600 kroner i plantinga i bedet ved busslomma, men det har heldigvis fått stå i fred.

Av Ola Matti Mathisen



- Korleis er dei laga som kan gjera hærverk på noko slikt, undrar eldsjelane bak blomeprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)